



Fylkesmannen i Vestland

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Vår dato:
31.05.2019

Dykkar dato:
03.05.2019

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til revidert forslag til revisjon av arealdelen av kommuneplanen i Radøy.

Vi viser til brev frå kommunen datert 03.05.2019. Saka gjeld avgrensa høyring av kommuneplan for Radøy. Vi viser også til vårt brev datert 18.02.2019 med merknader til første gongs offentleg ettersyn og epost frå kommunen, sendt 30.05.2019 med reviderte føresegn.

Fylkesmannen sine merknader

Fylkesmannen si vurdering er at kommunen har følgt opp dei fleste merknadane våre på ein god måte. Fylkesmannen meiner det står att nokre få punkt.

Strandsone

Kommunen skriv at byggegrense mot sjø er fjerna i LNF-område og ved Grønholmen der den tidlegare gjekk ut i FNFFA område. Etter det vi kan sjå ligg det framleis byggegrense i FNFFA-området ved Grønholmen og fleire andre stader i kartet. Vi meiner dette er uheldig sidan det skapar ein motstrid i kartet mellom formål og byggegrense. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen rette dette opp.

LNF-spreidd i strandsona

Kommunen har i revidert framlegg tatt ut fleire av LNF-spreidd områda som låg i funksjonell strandsone. Etter det vi kan sjå ligg LNF-spreidd området på Askeland og nokon små område på Valdersnes igjen i det som kommunen har vurdert som funksjonell strandsone. Vi viser til vår uttale til første offentleg ettersyn der vi mellom anna skrev at om kommunen må vurdere kvart enkelt område der ein ynskjer å plassere dei i strandsona. Kommunen har gjort endringar i kartet i desse områda, men vi kan ikkje sjå at det er vurdert kvifor desse områda kan ligge i funksjonell strandsone. Vi legg til grunn at kommunen gjer ei skriftleg vurdere av dei resterande områda som ligg i funksjonell strandsone.

Føresegn til LNF-spreidd områda

Kommunen har no redusert utnyttingsgraden frå 500 m² BRA/BYA til 400 m² og viser til at Meland har 400 m² og Lindås har forslag til 400 m². Fylkesmannen meiner utnyttingsgraden i desse områda bør reduserast meir.

Arealformål i sjø og havområda

E-postadresse:
fmlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Vi viser til vår uttale til offentleg ettersyn:

«Kommunen føreslår å løyse dette ved å legge inn kombinerte føremål (FNFFA og FNFF) i plankartet og knyte føresegns til desse. Kommunen har etter det vi kan sjå utforma nye føresegner der FNFFA og FNFF vert omtalt som kombinert formål, utan at dette formålet går fram av kartet (skal visast med blå og kvite stripers). Det kombinerte føremålet er i staden vist med bokstavar i kartet.

Fylkesmannen meiner at det er ein viss fare for at dette kan mistydast, sjølv om føresegnsene for så vidt er klårt formulerte. Vi meiner at føresegna som no er knytt til FNFFA og FNFF i staden må knytast direkte til hovudformålet (Bruk og vern av sjø og vassdrag), slik kartet viser og ikkje omtalast som kombinert formål. Eventuelt må kartet endrast til å vise heile arealet som føresegna skal gjelde for som kombinert formål. Generelt meiner Fylkesmannen at det siste er ei uheldig løysing. Vi tilrår vanlegvis at område med kombinerte føremål vert avgrensa til der det er naudsynt, til dømes for å vise område som kan nyttast til fortøyningar av oppdrettsanlegg i tillegg til andre brukskategoriar som let seg kombinere med dette. Desse kan avgrensast ut frå generell botntopografisk kunnskap (t.d. at ein set av areal kring AK-anlegg i ein avstand tilsvarende 2,5 – 3 gongar djupna på oppankringspunkt eller nyttar konkret kunnskap om eksisterande fortøyningar for vise dei aktuelle areaala.»

Kommunen endrar no plankartet slik at FNFF skal visast som kombinert formål og Fylkesmannen har ingen merknader til det.

Fylkesmannen meiner vidare at det er viktig å klargjere at FNFFA ikkje er eit kombinert formål, men hovudformålet i sjø. Bakgrunnen for at Fylkesmannen meiner at dette er viktig er at i eit kombinert formål der akvakultur inngår, er det ikkje mogleg å sette føresegns som ekskluderer akvakulturanlegg, slik vi oppfattar at kommunen ynsker. Dette kan ein derimot gjere dersom formålet er hovudformål. Kommunen må difor fjerne bokstavane FNFFA i kartet slik at det ikkje er tvil om at dette er hovudformålet bruk og vern av sjø og vassdrag og ikkje eit kombinert formål. Kommunen må også endre overskrifta til 3.5.1 til «*Bruk og vern av sjø og vassdrag og fleirbruksområde FNFF.*» Andre setning i føresegns 3.5.1 må endrast til «*I hovudformålet, bruk og vern av sjø og vassdrag, inngår ikkje akvakulturanlegg, men fortøyningar for akvakultur inngår.*» I første setning i fjerde ledd må ordet «*fleirbruksområda*» endrast til «*desse områda*» og i femte ledd må «*fleirbruksområde*» endrast til «*område*».

Uteoppaldsareal og leik

Fylkesmannen vil elles peike på at føresegns om fortetting bør sikre areal til uteoppald og leik. Dette gjeld i føresegns 3.1.1 og 4.14.3

Konklusjon

Fylkesmannen rår kommunen til å rette opp planen på punkta nemnd over.

Vi meiner elles at det i denne planprosessen har vore ein god dialog mellom kommunen og Fylkesmannen kor vi har arbeida oss fram til gode løysningar.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Side: 3/3